

Til Alver kommune .Byggesaksavdelinga v/ Mette Robertsen.

Gjeld avvist søknad for bygging av ein to-mannsbustad på gnr 309 bnr. 28 på Hjertås. Dykkar ref 23/14- 23/4926. Adm.saknr. 071/23 datert 12.04.23.

Syner til Dykkar e- post datert 03.05. 23 sendt ansvarleg søkjar Jens H. N. Bjordal med kopi til Are Frøysland Grande som svar på tiltakshavar/søkjar sitt tilsvar datert 26.04.23.

I Dykkar e-post ber det om attendemelding frå tiltakshavar/søkjar om tiltakshavar/søkjar si attendemelding på avvist søknad skal handsamast som ein klage på avvisingvedtaket eller om at søknaden skal takast opp til handsaming på nytt.

Tiltakshavar og ansvarleg søkjar hadde forventa at sakshandsamar etter vårt tilsvar med vedlegg datert 26.04. 23 hadde vurdert saka på nytt med bakgrunn i dei opplysningar og dokumentasjon som låg ved dette tilsvaret. Etter 15 vekers ventetid på handsaming av saka og etter diverse etterlysingar av handsaminga skulle ein tru at sakshandsamar ville synt sin interesse for å få saka handsama og godkjent særleg med tanke på at like bygg innafor same utbyggingsområdet og med same tiltakshavar har fått godkjenning og alt er ferdigbygde. Ved slik fornuftig vurdering frå sakshandsamar si side ville saka alt vore ferdighandsama og godkjent og klage kunne vore unngått.

Grunna tiltakshavar og ansvarleg søkjar si røynsle med denne saka og mangel på interesse frå sakshandsamar si side for å handsama og godkjenne saka ser tiltakshavar/ansvarleg søkjar ikkje anna råd enn å påklaga administrasjonen sitt vedtak om avvising av saka samt administrasjonen si avgjerd om ikkje å vurdera saka på nytt utan ny fullstendig søknad.


Tiltakshavar/ansvarleg søkjar ber derfor om at tilsvar frå tiltakshavar/søkjar datert 26.04.23 gitt til avvisingvedtaket datert 1204.23 vert handsama som klage på vedtaket.

Tiltakshavar forventar hurtig handsaming av saka. Det er snart gått 4,5 mnd. sidan søknaden vart sendt kommunen.

Hjertås /Frekhaug 07.05. 23.

For tiltakshavar Meland Bygg AS v/ Oddbjørn Meland.

Jens H. N. Bjordal. Ansvarleg søkjar.



Kopi:

Meland Bygg AS v/ Oddbjørn Meland

Are Frøysland Grande.

Vedlegg:

Avvisningsvedtaket datert 12.04.23

Tilsvar til avvisingvedtaket datert 26.04.23. m/vedlegg.

E-post frå sakshandsamar Mette Robertsen datert 03.05.23